

BERGEN, 14.9.1983
OM/TBRMELDING FRA FISKERIDIREKTØREN
*****J. 115/83.
(Jfr. J. 88/83)FISKE ETTER SILD MED NOTREISKAPAR INNNANFOR GRUNNLINJA FRÅ KLOVNINGEN TIL
LINDESNES.

Med heimel i § 1 og 37 i lov av 25. juni 1937 om silde- og brislingfiskeria, jfr. kgl. res. av 17. januar 1964 og 8. januar 1971 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om reguleringa av deltakinga i fisket, jfr. kgl. res. 8. september 1972 har Fiskeridepartementet 6. september 1983 fastsatt følgjande forskrifter:

I

I Fiskeridepartementets forskrifter av 27. juli 1983 om fiske etter sild med notreiskapar innnanfor grunnlinja på kyststrekningen Klovningen - Lindesnes, gjøres følgjande endringer:

§ 1 andre stykke skal lyde:

Kvart snurpenotfarty over 12 m støreste lengde kan fiska inntil 800 hl og 400 hl for snurpenotfarty på inntil 12 m støreste lengde og landnotfarty.

II

Disse føresegner trer i kraft straks.

Etter desse endringane har føresegnene følgjande ordlyd:

Med heimel i §§ 1 og 37 i lov 25. juni 1937 om silde- og brislingfiskeria jfr. kgl. res. 17. januar 1964 og 8. januar 1971 og § 10 i lov 16. juni 1972 om reguleringa av deltakinga i fisket jfr. kgl. res. 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 27. juli 1983 med seinare endringar fastsett følgjande føresegner:

§ 1

Innafor grunnlinene på kyststrekningen frå Klovningen (61° 56' N) til Lindesnes vil ein kunna fiska inntil 27.000 hl sild med snurpenot og landnot til menneskjemat.

Kvart snurpenotfarty over 12 m største lengde kan fiska inntil 800 hl og 400 hl for snurpenotfarty på inntil 12 m største lengde og landnotfarty.

§ 2

Fiskeridirektøren kan fastsetja opningsdato for fisket.

Fiskeridirektøren kan stogga fiske når kvoten i første ledd er pårekna oppfiska. Fisket kan stoggast ved melding i lokalsendingane i NRK kl 0715 og 1645 i tillegg til dei vanlege fiskerimeldingane.

§ 3

Farty som vert nytta må vera fiskerimerka, utstyrt med høveleg bruk for slikt fiske og mindre enn 90 fot største lengde.

Høvedsmannen for bruket må stå på blad B i fiskarmanntalet, eiga fartyet og ikkje vera eigar/medeigar i anna bruk som deltek i dette fisket.

Fiskeridirektøren kan etter søknad dispensera frå krava om eigartilhøva i andre stykke.

§ 4

Farty som skal delta må melda seg til Noregs Sildesalslag før dei går på feltet.

§ 5

Det er forbode å fiska, låssetja, ta opp eller føra i land sild under 20 cm. Uten hinder av første stykke kan sildefangstar ha inntil 10 % i vekt av sild som er under 20 cm.

§ 6

All sild som vert fanga skal låssetjast. Noregs Sildesalslag kan dispensera frå dette påbodet. Alle fangstar skal straks meldast til Noregs Sildesalslag.

§ 7

Fiskeridirektøren kan i særlege tilfelle gje løyve til oppmaling for heile eller deler av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskjemat eller agn.

§ 8

Låssett kvantum større enn det bruket kan fiska kan overførast vederlagsfritt til andre utrusta bruk på feltet.

§ 9

Fiskeridirektøren kan påleggja at det vert teke prøvar av fangstane.

§ 10

Forsettlege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter.

§ 11

Desse føresegnane tek til å gjelda straks.
